

Tur frå Aurdal til Fjellgardsbakken

Kjør om lag 3,2 km på E 134 frå Knapphus mot Ølen til tidlegare Vats gartneri der det står skilt til Aurdal – ta av til høgre. Følg denne vegen til endes - 1,4 km - og litt forbi tunet til Haslemo. Her finn du ein god parkeringsplass med info.tavle med opplysningar om dei ulike turane – her står skilt for turstiane innover dalen på god traktorveg – alle stiane har felles utgangspunkt herifrå.

Start: På traktorveg hos Jan og Harald Haslemo i enden av Aurdalsvegen
Parkeringsplass: Ja – god og romsleg plass ved geitefjøset til fam. Haslemo.

1. Tur til brua v/Fjellgardsbakken

Avstand: 1,7 km opp til rasteplassen.

Tidsbruk: Om lag 45 min å gå opp til rasteplassen m/småpausar..

Vanskegrad: Lett å koma seg fram på fin grusveg.

Terreng: Følg traktorveg heilt opp til Fjellgardsbakken. Vegen går langs elva oppover forbi **Sagflåta** og over **Kleiva** bru og vidare gjennom gran- og furuskog i slakt terreng til du kjem til Aurdalselva på ny ved **Fjellgardsbakken**

Opplysningar: Gjennom denne dalen, **Aurdalsdalen**, har det vore ein gamal ferdselsveg frå Øvre Vats til Sandeid i gamle dagar. I dag går det traktorveg innover heilt over til Steinsland i Sandeid.

Du finn også ein del namneskilt langs vegen innover.

Ved brua på Fjellgardsbakken er det sett opp hagebenk og turkasse med bok i.

Dersom du vil, kan du gå over brua og følgja vegen vidare 600 m oppover – då kjem du til ein ny rasteplass ved Tverrlielva. Dette er ein fin tur i bjørkeskog, men vegen går i eit litt brattare terreng.

Fottøy: Fjellsko eller vanlege sko i fint ver. Følg skilting. God tur